



FORTIDSMINNEFOREININGA

Sunnmøre lokallag

Kyst- og kulturarv på Bjørkedalen, laurdag 1. oktober

**Fortidsminneforeininga Sunnmøre lokallag markerer Kulturminnedagane 2022 ved å**

**invitere til spennande møte med båtbyggarkulturen på Bjørkedalen i Volda. Temaet**

**DRIVKRAFT for Kulturminnedagane 2022 er dekkande for å forstå kulturen for**

**båtbyggarfaget som har sett Bjørkedalen på kartet både nasjonalt og internasjonalt.**

**Arrangementet er i samarbeid med Forskingdagane ved Høgskulen i Volda, Bjørkedal**

**Kystlag og Bjørkedal grendelag, og er kostnadsfritt for deltakarar.**



*Draging av båt i 1901 bygd i Bjørkedalen i Volda fra Bjørkedalen og ned til Kilsfjorden, her ved kryssing av Fremsteelva. Fraktinga går med Storebåtvogna, og båten er ein 40 fots dekksbåt bygd av Elias O. Bjørkedal.*

*Fotograf: Johan Nerbøvik. Utlån: Volda kommune*



**Forskingdagane**

[www.hivolda.no/forskingdagane](http://www.hivolda.no/forskingdagane)

Program laurdag 1. oktober

**KL. 13.00-14.00:** Bjørkedal båtsamlingar. Orientering og demonstrering ved Bjørkedal kystlag.

**KL. 14.00-15.00:** Vitjing i båtskotet til båtbyggjar Jakob Helset.

**KL. 15.00-17.00:** Boklansering *Eventyrlege vikingskip* på Ungdomshuset Fridtun

Frode Sætre, førstelektor ved seksjonen for idrett og friluftsliv, lanserer si andre bok med utgangspunkt i båtbyggjarkulturen på Bjørkedalen. Boka har tittelen *Eventyrlege vikingskip. Bygde på Bjørkedalen. Segla av Ragnar Torseth.* Presentasjon av arbeidet, samtale med Ragnar Torseth, og sal av bøker.

Sal av mat og drikke ved Bjørkedal grendelag.

### Programomtale

På det meste var her tjuesju båtbyggjer i Bjørkedalen som i dag rommar kring 150 innbyggjarar. Bygda ligg åtte kilometer frå sjøen, og terrenget til sjøen er til dels ulendt. Det seier seg sjølv at det var hardt arbeid å få båtane frå båtskota til sjøen ved båtdraging.

Dugnad og samarbeid måtte til. Men bygda har naturgjevne føresetnader for båtbygging.

Skogen veks på ein jordbotn rik på oliven, og dette gir godt grunnlag for vokster av båtvirke.

På Bjørkedalen har ein bygt båtar i over tusen år. Kjelder kan sporast tilbake til tidleg på 1500-talet ved at nemninga ‘sunnmørsbåt’ i to diplom frå 1536 truleg gjeld ein Bjørkedalsbåt. Hans Strøm skreiv i Søndmørs Beskrivelse frå 1766 at bjørkedalingane la «megen Vind» i båtbyggjararbeidet. Lokalhistorikaren Per Årviknes fortel at Saxe Balle (1534 - 1620) bygde både båtar og jekter. I Snorre vert det fortalt at Håkon Jarl var i Halkjelsvik for å reparere båtane sine før slaget i Hjørungavåg på slutten av 900-talet. Halkjelsvik er det gamle namnet på sentrum i Volda.

På slutten av 1800-talet kom viktige endringar i båtbygginga. Her vart behov for rimelege båtar, og frå 1890-åra bygde ein båtar med dekk. Fram til slutten på første verdskrig var det gode tider i båtbyggjarnæringa i bygda. Frå 1970-åra har Bjørkedalen blitt nasjonalt og internasjonalt kjend som byggjestad for kopiar av store historiske båtar, som Saga Siglar, Osebergkopien Dronningen og Gokstadskipet Gaia. Den første av dette slaget var Kvalsundbåten.

Klinkbygging er den tradisjonelle måten å bygge båtar på på Bjørkedalen. Småprodusentar har båtbygging som attåtnæring, og tek i bruk teknikkar og materiale som er vanlege langs



FORTIDSMINNEFORENINGA

Sunnmøre lokallag

heile kysten. Handverket er ein variant av den felles nordiske klinkbåttradisjonen. I desember 2022 vart [tradisjonen med klinkbygde båtar registrerte i UNESCO](#) si liste over menneskeheita si immaterielle kulturarv.

### Boklansering - Eventyrlege vikingskip



Bygt på Bjørkedalen  
Segla av Ragnar Thorseth



*Frode Sætre er senior førstelektor i idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Volda, Institutt for idrett og friluftsliv. Han har i fleire tiår undervist i kystfriluftsliv og er ein ivrig seglar og båtmann.*

Boka fortel om Vikingskipsepoken på Bjørkedalen som starta tidleg på 70-talet og varer enno. Det er dei store vikingskipa som har hovudfokus, då bygginga og ikkje minst bruken av desse med Ragnar Thorseth i spissen, gjorde Bjørkedalen kjent lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Ekspedisjonane med skipa gav internasjonal marknadsføring av Noreg.

Båtbyggjarane på Bjørkedalen har utvikla spesialkompetanse knytt til rekonstruksjon og bygging av vikingskip sidan 1973, då Kvalsundskipet vart bygt, og heilt fram til 2019 då Myklebustskipet vart sjøsett. Mellom desse to hendingane har sju andre store vikingskip vorte bygde, hovudsakleg i Jakobsgarden på Søre Bjørkedalen. Jakob Kolbein Helset, i Pergarden på Helset, har bygt 15 mindre vikingskip på rundt 35 fot, samt Olav Tryggvason, bygt etter modell av Gokstadskipet i skala 2:3.



BJØRKEDAL KYSTLAG  
SUNNMØRE • NORGE



FORTIDSMINNEFORENINGA

Sunnmøre lokallag

Forskingdagane

[www.hivolda.no/forskingdagane](http://www.hivolda.no/forskingdagane)

Boka fortel om forhistoria til skipa, bygging, båtdraging, sjøsetting og bruk, og gir eksempel på medieomtale frå både lokal, regional, nasjonal og internasjonal presse. Undervegs får lesaren også den spanande forteljinga om det dramatiske forliset i Middelhavet i 1992, der knarren Saga Siglar og Osbergskips-kopien Oseberg gjekk ned. Boka presenterer vikingskipa i kronologisk rekkefølgje, frå 1973 til 2019, og er rikt illustrert med bilde.

Ragnar Thorseth er sentral når det gjeld bestilling og bruk av desse skipa, då han har fått bygt eller kjøpt fem av dei ni presenterte vikingskipa. Thorseth har vore svært dyktig når det gjeld bruk av media til å marknadsføre prosjekta sine. Mediedekninga av ekspedisjonane hans over verdshava, i opne vikingskip, manglar truleg sidestykke i norsk historie. Boka gir ramsalte forteljingar og foto frå desse ekspedisjonane, og mot slutten får ein presentert eit fortruleg intervju med Ragnar, der ein vert nærmere kjent med denne oppdagaren og dei eventyrlege ekspedisjonane hans.

Boka vil vere interessant lesnad for vikingskipsentusiastar, trebåtentusiastar, båtinteresserte, folk med tilknyting til Bjørkedalen, for dei som er interesserte i kystkultur og historie, og dei som likar spanande historier knytt til bruken av desse vikingskipa.



*Ragnar Thorseth kjem til boklanseringa på Bjørkedalen, og har med seg færingen «Brattholm Havila». Denne vert plassert utanfor grengehøset på Bjørkedalen. Interesserte kan då få sjå båten Ragnar nytta til Shetlands-turen i 2015, og kanskje snakke med skipperen.*